

Det er markert aukande interesse for Uskedalen som besøksmål. Bygda er kjend og satsinga dei siste åra på profilering og marknadsføring har ført til spørsmål om bygdevandringar og tilgang til attraksjonar.

Alt no i helga skal ei gruppe frå fjellsportsamlinga gjennomføra ei kulturhistorisk vandring i Uskedalen. Kjell Yri skal vera guide og vil leggja turen om sentrum, Dønhaug, gamlevegen til Rød og Bøkkerverkstaden. Vandringa vert avslutta med 'innpå tunet' hos Friheim Gardsmat.

Alt neste fredag kjem ei gruppe frå Aker Solutions til Uskedalen. Kristian Bringedal saman med Tore Mathisen skal ta gruppa med opp dalen og gje gjestene ei innføring i tema knyta til natur, kultur og næring. Friheim Gardsmat og Dønhaug Gjestegard er med på programmet.

Laurdag 7. august kjem ei ny gruppe til Kvinnherad og Uskedalen. Det er ei busslast frå Tysnes, nabokommunen tvers over fjorden.

Eit ungdomskor frå staten Iowa, USA, kjem til Kvinnherad i veke 14. Uskedalen er lagt inn med stopp tysdag 15. juni.

I tillegg til alt dette har fleire barnehagegrupper og klassar tinga omvisning på Bygdetunet Rød og på Haugland skulemuseum.

Ein kan med andre ord sei at Uskedalen alt er eit 'besøksmål - eit reisemål for tilreisande frå inn- og utland.

Av Kristian Bringedal